



Starten i konkurranseklassen i fjorårets løp.

**Søndag vert Kvinnheradsløpet i Rosendal arrangert for 35. gang. Det er ingen uskedelinger blant dei 4 som kan få 30 årsmerket i år, men det er mange som kan få merke for å ha delteke både 10 og 20 ganger. Med veret vi har hatt i det siste er det mest utruleg at både storm og yr lovar strålende ver. Dermed ligg det an til like flott arrangement som i fjor.**

Desse frå Uskedalen, og med oppvekst i Uskedalen, kan få merke for mangeårig innsats om dei deltar i løpet komande søndag:

20 år: Ingrid Kroka, Ingunn Kroka Raudstein, Tove Haugland Skår, Kjell Harald Tungesvik og Aud-Helene Øen.

10 år: Torbjørn Haugland, Johan Saghaug Kroka, Bjarne Lilleaas, Torstein Monsen, Camilla Myklebust Ripel, Line Soltveit, Ingunn Steinsletten, Malin Haavik Tungesvik og Marte Kristoffersen Øyjord.

Det var [mange uskedelinger som deltok i finveret i fjorårets løp](#).

Uskedalen.no ønskjer alle ein flott tur gjennom løypa på søndag. Det er Kvinnheringen og Rosendal turnlag som har stått for arrangementet gjennom 35 år.

Tekst, foto og nettet:Thor Inge Døssland